



Einar og Mona Rikstad Ottesen  
Toskavegen 516 B  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2553 - 14/11601

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:  
23.10.2014

## Oppmålingssak Gbnr 43/21, 39 Toska - Retta matrikkelkart.

Syner til motteke krav om retting av feil i matrikkelkartet motteke 11.09.2014 og til dokumentasjon motteke 15.09.2014.

Me har no retta matrikkelkartet på grunnlag av motteke kart og utskiftingsdokument for 43/39.

Gjer merksam på at det er grensemerka i marka som seier kvar grensene for eigedomen går. Heilt nøyaktige grenser i kartet får ein først ved oppmåling av desse grensemerka. Grensene som er lagt inn i matrikkelkartet mellom gnr.43 bnr.21 og bnr.39 må derfor sjåast på som usikre.

Legg ved utskrift frå matrikkelkartet før og etter retting.

Gjer samstundes merksam på at det tyder på at det er feil i matrikkelkartet for teig av 43/21 og teig av 43/36. Om dette er ønskt retta ber me om at det vert sendt inn krav vedlagt dokumentasjon på dette.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følge av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Kjartan Medaas  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

43-39-Etter retting

43-39-Før retting

**Mottakrar:**

Einar og Mona Rikstad Ottesen

Torbjørn Strandborg

Toskavegen 516 B 5936

Morviklien 26 5124

MANGER

MORVIK